



# Skjåk kommune

## Vedtekter for SFO – vedtak 23. februar 2023

Vedtekten blir vedtekne slik dei ligg føre med desse endringane:

- §7. SFO-leiar bør ha relevant pedagogisk utdanning. Øvrige personalet i skulefritidsordninga bør ha fagutdanning, relevant utdanning kan for eksempel vere barne- og ungdomsarbeidar. Bemanningsnorm på 12 barn pr. tilsett. For barn med særskilde behov og vanskar vert det tilsett ekstrahjelp etter behov og sakkunnig vurdering. Alle som skal tilsetjast i skulefritidsordninga, må legge fram politiattest som viser om han eller ho er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn..
  - §13 Det skal utarbeidast årsplan og årshjul som blir revidert årleg.
2. Betalingssatsane blir gjeldande frå 01.03.2023.

*Retta opp gratis SFO, og presisert betalingssats ferie SFO.*

# Innleiing

Vedtekten er basert på [Regelverk for skolefritidsordningen \(SFO\)](#)

Skulefritidsordninga skal vere [noko anna enn skule og barnehage](#), og den er ikkje ein del av skulen.

## Innhaldsliste

Innleiing .....	2
§1 Lov .....	3
§ 2 Eigartilhøve .....	3
§ 3 Definisjon og formål .....	3
§ 4 Overordna styring.....	3
§ 5 Lokal styring og leiing .....	3
§ 6 Tilsynsmynde .....	3
§ 7 Bemanning.....	3
§ 8 Inntak.....	4
Søknadsfrist .....	4
Oppseiing.....	4
§ 9 Leike- og oppholdsareal.....	4
§ 10 Økonomi .....	4
§10.1 Kommunestyret.....	4
§10-2 Ramme for finansiering.....	4
§10-3 Foreldrebetaling .....	4
§10-4 Særskilte behov .....	5
§10-5 12 timer gratis .....	5
§10-6 Mat/drikke.....	5
§10-7 Terminar.....	5
§10-8 Søskensmoderasjon .....	6
§10-9 Sein henting.....	6
§ 11 Måltid .....	6
§ 12 Opningstider .....	6
§13 Årsplan.....	6
§ 14 Ferie .....	6
§ 15 Forsikring .....	6
§ 16 Klage .....	6
Kommunestyrevedtak i sak 17/2023 i møte den 23.02.2023 .....	7

## §1 Lov

Skulefritidsordninga vert driven etter § 13.7 i Opplæringslova og dei retningsliner og krav som gjeld for skulefritidsordningar (SFO).

## § 2 Eigartilhøve

Skjåk kommune er eigar av skulefritidsordninga. Eigar lagar vedtekter, opprettar og legg ned ordninga. Kommunestyret gjer vedtak om foreldrebetaling.

## § 3 Definisjon og formål

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod før og etter den obligatoriske skuletida for alle elevar på 1.- 4.trinn. Elevar på 5.- 7.trinn med særskilde behov kan også søkje plass i skulefritidsordninga.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, sosial læring, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser. Vidare skal skulefritidsordninga gje barna omsorg og tilsyn. Barn med særskilde behov skal gjevast gode vilkår for utvikling. Skulen sine generelle mål gjeld også for skulefritidsordninga.

## § 4 Overordna styring

Skjåk kommune er ansvarleg for drift av skulefritidsordning som er omfatta av desse vedtekten.

## § 5 Lokal styring og leiing

Rektor er administrativt, økonomisk og fagleg ansvarleg for drift av den einskilde ordninga innanfor rammer som er satt av lov, forskrifter, vedtekter og budsjett.

Skulefritidsordninga skal ha eigen leiar, SFO-leiar, dersom det er fleire enn 23 barn. SFO-leiar får delegert mynde frå einingsleiari til administrasjon av skulefritidsordninga, fagleg utvikling og dagleg personaloppfølging, og er ein del av skulen sitt leiarteam.

Det skal veljast foreldrerepresentantar på lik linje med ein vanleg klasse. Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) skal då utvidast med ein representant frå skulefritidsordninga.

Samarbeidsutvalet er styre for skulefritidsordninga.

## § 6 Tilsynsmynde

Statsforvaltaren i Innlandet fører tilsyn med skulefritidsordninga.

## § 7 Bemanning

SFO-leiar bør ha relevant pedagogisk utdanning. Øvrige personalet i skulefritidsordninga bør ha fagutdanning, relevant utdanning kan for eksempel vere barne- og ungdomsarbeidar. Bemanningsnorm på 12 barn pr. tilsett. For barn med særskilde behov og vanskar vert det tilsett ekstrahjelp etter behov og sakkunnig vurdering. Alle som skal tilsetjast i skulefritidsordninga, må legge fram politiattest som viser om han eller ho er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn..

## § 8 Inntak

- Alle elevar i 1. – 4. klasse er sikra plass etter søknad. Eleven har plassen ut 4. klasse eller til plassen vert sagt opp.
- Leiar i skulefritidsordninga og rektor administrerer plass i SFO.

Søknadsfrist for hovudinntaket i skulefritidsordninga er 15.april.

### Oppseiing

Dersom plassen til eit barn vert sagt opp eller endra i skuleåret, er det 1 månad skriftleg oppseiingstid, gjeldande frå den 15. i kvar månad.

Ved oppseiing eller endring av plass etter 15. april, må ein betale for SFO-plassen ut skuleåret.

Ved flytting frå kommunen gjeld oppseiingsreglane.

## § 9 Leike- og oppholdsareal

Oppholdsrom og uteareal skal vere godkjent etter plan- og bygningslova, byggjeforskrifter, kommunehelsetenesta, arbeidsmiljølova, lov om produktkontroll og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Basearealet skal vere minimum  $2,5 \text{ m}^2$  pr elev. Som baseareal vert rekna innvendige oppholdsrom som er i fast bruk i heile opningstida til SFO. I tillegg bør skulefritidsordninga kunne disponere nødvendig tilstøytande klasserom og grupperom. Døme: skulekjøkken, idrettshall, aktivitetsrom. Barn med særskilde behov og vanskar skal ha tilgang til alle rom som skulefritidsordninga nyttar.

Bygg og uteområde skal vere godkjente i h.h.t. miljøretta helsevern. Skulefritidsordninga er ein del av skulen sitt helse-, miljø- og tryggleiksansvar.

Føresegn i Barnekonvensjonen artikkel12 og kapittel 9A i opplæringslova er gjeldande for skulefritidsordninga, jf [§ 9A- 1](#). Etter [§ 9A- 2](#) har alle elevar rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjer helse, trivsel og læring.

## § 10 Økonomi

### §10.1 Kommunestyret

Kommunestyret fastset betalingssatsane for skulefritidsordninga, jf. Opplæringslova §13-7 femte ledd.

### §10-2 Ramme for finansiering

Kommunen kan krevje at [utgiftene til skulefritidsordninga](#) blir dekte gjennom foreldrebetalinga. Eigenbetalinga er avgrensa til å dekke kommunens utgifter.

### §10-3 Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset foreldrebetaling for kvart år i samband med fastsetting av kommunale gebyr.

Det blir fastsett satsar pr månad for SFO- plass

Type plass
Ordinær heil plass (>14 timer)
Deltidsplass (< 15 timer)
Morgenoppophald (1 time pr dag, før skulestart)
Kriseplass (per dag)
For sein henting, per påbegynte halvtime
Ferie-SFO/SommarSFO

## SFO-tilbodet er frå kl 07.00 – 1630.

Foreldrebetalinga for SFO skal maksimalt utgjere 6% av hushaldet si skattepliktige person- og kapitalinntekt.

- Dersom barnet har 15 timer eller meir på SFO og inntekta er lågare enn kr 365.000 kan ein søke om redusert foreldrebetaling.
- Dersom barnet har inntil 14 timer på SFO og inntekta er lågare enn kr 231.667 kan ein søke om redusert foreldrebetaling.

Med eit hushald meiner vi ektefeller, registrerte partnarar og sambuarar. Dersom barnet har delt heim, men bur fast hjå begge foreldra, skal prisen reknast ut frå inntekta til hushaldet til den av foreldra som har same folkeregistrerte adresse som barnet.

### §10-4 Særskilte behov

SFO er gratis for elevar med særskilde behov .

### §10-5 12 timer gratis

Frå 1. august 2022 er det 12 timer gratis SFO per veke på 1. trinn.

### §10-6 Mat/drikke

Det kan krevjast ekstra betaling for mat/drikke i SFO.

### §10-7 Terminar

Det vert kravd foreldrebetaling for 10 månader pr. år. Utanom dette vert det kravd ekstra betaling for opphold i skulen sine ferie- og fridagar, og for tilfeldig dagsopphold.

## §10-8 Søskenmoderasjon

Det vert gjeven søskenmoderasjon på 30% for barn nr 2 og 50% frå og med barn nr 3.

## §10-9 Sein henting

Dersom eleven vert henta for seint i SFO, må foreldra betale ei avgift for kvar påbyrja halvtime. Det vert ikkje gjeve søskenmoderasjon ved for sein henting av fleire elevar.

## § 11 Måltid

Skulefritidsordninga må ha tilgang til kjøkken der det kan lagast enkle måltid. Barna må ha med seg matpakke til fellesmåltidet.

## § 12 Opningstider

Skulefritidsordninga følgjer planleggingsdagane til skulen.

Opningstid heile året kl 07.00 – kl. 16.30

Samarbeidsutvalet ved den enkelte skule kan vedta endring i opningstid innanfor dei økonomiske rammene til SFO.

## §13 Årsplan

Det skal utarbeidast årsplan og årshjul som blir revidert årleg.

## § 14 Ferie

SFO følgjer skuleruta.

Det er tilbod om ferie-SFO i sommarferien – inntil 2 veker i juni etter at skulen tek ferie, og inntil 2 veker i august før skulestart. SFO er stengd i juli.

Påmelding til SFO i feriane skjer på eige skjema. **Påmeldinga er bindande.**

**Søknadsfristen er 15. april for sommar-SFO.**

## § 15 Forsikring

Elevane har kollektiv ulukkesforsikring i den tida dei er i skulen/SFO, samt på direkte veg til og frå skulen/SFO. Skulen/SFO er ikkje erstatningspliktig for klede, sko, briller eller gjenstandar barna har med seg eller som vert borte/øydelagde i skule/SFO si opningstid.

## § 16 Klage

Klage på enkeltvedtak (opptak, oppseiing, endring av oppholdstid) kan påklagast etter Forvaltningslova kapittel VI. Eventuell klage sendast skulen. Klagefrist er 3 veker. Endeleg klageinstans er den kommunale klagenemnda i Skjåk kommune (formannskapet).

## Kommunestyrevedtak i sak 17/2023 i møte den 23.02.2023

### Betalingssatsar for foreldrebetaling i SFO

**gjeldande frå 1. mars 2023**

Ordinær heil plass      **2400\***

(>14 timer)

Deltidsplass (< 15  
timer)

Morgenopphald (1  
time pr dag, før  
skulestart)

Kjøp av enkeltdag (per  
dag)

For sein henting, per  
påbegynte halvtime

Ferie-                    **1500 pr veke**

SFO/SommarSFO

\*Det er innrekna 4 t gratis plass i ordninga for alle i 1. - 2. klasse. (Dette på grunn av  
skuleskyssen).